

# Lys

## - enkelt og greitt

Utandørs flaumlys til dekk på båtar har på ny komme i søkjelyset i offshore- og shippingbransjen. Innovative løysingar kjem no inn på marknaden for fullt. Vi har møtt to unge menn med lyse framtidssikter.

TEKST OG FOTO: RUNAR ANDERSEN

I Ålesund har to unge gründerar nyleg etablert seg i Myrabakken Næringsssenter. Dei to har satsa høgt på eit produkt dei meiner no vil revolusjonere utandørs lys til shipping- og offshoreindustrien. Og i ei tid der miljø, kostnad og tryggleik står i høgsetet, er ikkje dette noko bomskot - det har marknaden allereie stadfest.

Klokka er åtte, og her er det allereie full aktivitet. Det er tydeleg at effektiviteten ikkje er prega av at mørket enno dominerer føremiddagen

på denne årstida. Det kan ein ikkje gjere i den mest innovative bransjen i verda.

- Kan vi lage eit produkt som toler påkjenningane i det maritime miljøet, bør det tole det meste andre stader òg, smiler David Fink. Saman med Petter Veiberg driv han selskapet Luminell Norway AS som satsar på ny teknologi innan utandørs lysanlegg for offshorefartøy. Det er ein marknad som har sakka noko atterut samanlikna med anna utvikling - og det har Luminell funne løysinga på.

### Framtida er lys

Det heile starta med David Fink som er frå Danmark. Han hadde alltid hatt ei stor interesse for teknologi og innovasjon. Med dette som utgangspunkt valde han ei utdanning der dette kunne kombinerast, og ikkje lenge etter kom han inn på området lys og bruk av moderne LED-teknologi. Dette skapte grunnlaget for det vi ser i dag.

- Vi såg moglegheita for å bruke LED-teknologi til utandørs flaumlys på maritime fartøy, ein

David Fink og Petter Veiberg viser fram RheLux - ny teknologi for flaumlys på offshorefartøy.

18

Han blei kjend med David i ein periode då dei budde i Oslo, og då praten kom i gang på eit seinare tidspunkt om den moglege satsinga, var Petter veldig interessert. Sjølv hadde han allereie starta eiga bedrift med vekt på utvikling og oppbygging av andre bedrifter.

- Dette var noko eg syntest verka svært spennande. Eg såg fort moglegheita til å gjere noko nytt i ein bransje som er open for innovasjonar, men som òg set høge krav til kvalitet og tryggleik. Kunne vi greie det her, var det eit stort steg for oss både personleg og som ei bedrift, forklarar Petter.

### Etablert teknologi

Bruken av LED-teknologi er for lengst etablert i mange ulike samanhengar. Det er ikkje sjølv teknologien dei to gründerane har komme opp med, men ein type bruk som enno ikkje har fått gjennomslag i offshorebransjen.


- Dette er eit produkt som vil erstatte dei etablerte lysystema bygde på halogen og HPS. Det er ein ny type kraftig utandørs LED-lysanlegg for båtar og offshorefartøy som gir eit mykje betre lys i eit tryggings-, miljøvennleg og kostnadseffektivt perspektiv, forklarar Petter.

### Korleis er lyskastaren bygd opp?

- Det er ein type armatur beståande av svært lyssterke lysdiodar innpakka i ein spesiell type optikk. Dette gir tilnærma dagslys med eit energiforbruk som ligg på ein femdel, samanlikna med halogen. Det betyr at ein med same forbruket kan ha mange fleire lys eller bruke energien på andre område.

Ifølgje David har teknologien både kostnadseffektive fordelar og tryggingsfordelar framfor etablerte system.

- Vi har fire gode argument vi liker å lyfte fram, som vi meiner er avgjerande og framtidretta. Det første er tryggleik; med dagslys blir nattskift meir leveleg, og ein blir meir opplagd og dermed meir konsentrert. I tillegg kan ein nytte systemet som backup- og naudlys om bord i fartøy fordi det kan køyrast på mindre aggregat. Det andre er miljø; bruken av straum blir halvert fleire gonger, og det er verken gass eller kvikksølv i produktet. Det tredje er levetidskostnaden som blir lågare på grunn av lang levetid på produktet: 50 000 timar. Og sist, men ikkje minst er systemet svært nyttig på fleire område. Det er svært solid og konstruert for å tole påkjenningar i det maritime miljøet og kan brukast på utsette stader, i tillegg til montering ved kamera og mykje meir, moglegheitene er mange, påpeiker han.



David i arbeid på kontoret til Luminell.

### Spennande tider

Dei to karane legg ikkje skjul på at det er spennande tider i bransjen, og at dei ønskjer å satse vidare på spissing og spesialisering av teknologien. Merksemnda er retta mot offshore, og Luminell har komme for å bli.

- Vi vil stadig spesialisere oss innanfor kraftige utandørs lysystem. Vi er opene for at det kan komme «spin-off» der ein finn andre bruksområde, men vi satsar tungt på utandørs lysteknologi til den maritime industrien. Robust, sikker og levedyktig, forklarar David.

Petter vil òg leggje vekt på kor viktig dei trufaste samarbeidspartnarane som har støtta dei frå starten, har vore.

- Vi har fått både økonomisk og fagleg støtte frå Innovasjon Noreg, og det har betydd svært mykje for oss. Ikkje minst har vi fått nokre samarbeidspartnarar i den maritime bransjen som har prøvd ut produkta våre og bevist at dei held mål. Og sjølv om vi blir meir etablerte i marknaden, vil vi framleis behalde «entreprenøranda» som er sjølv fundamentet i satsinga vår. «Den som intet våger - intet vinner», smiler entreprenøren.

Det blir spennande å følgje dei to unge gründerane i tida som kjem. Ifølgje dei to vil Luminell vere til stades på fleire av dei bransjerelevante messene i tida no framover.

- Vi går utan tvil ei lysande framtid i møte. Vi er i vekst og har derfor òg stadig behov for fleire dyktige medarbeidarar, så dersom nokon vil ha ei skikkeleg utfordring i ei spennande bedrift, er det berre å ta kontakt, avsluttar Petter Veiberg og David Fink i Luminell.

### FJORD1-INFO



**KVAR:** Luminell AS har kontor i Myrabakken Næringsssenter i Ålesund.

**KORLEIS:** Følg E136 frå Moa Rutebilstasjon mot Bergen. Etter ca. 1 kilometer kjem du til ei rundkøyning. Her køyrer du rett fram og held fram på Borgundfjordvegen til du kjem til neste rundkøyning. Her tek du til høgre og køyrer inn på Spjelkavikvegen. Denne følgjer du ca. 500 meter, då har du Myrabakken Næringsssenter på høgre handa.

